

Instruks for padleturer i regi av Bergen og Hordaland Turlag

Hovudregel: For å lede padleaktivitet i regi av Bergen og Hordaland Turlag (BHT) er minimumskravet at turleiar er godkjent Aktivitetsleiar etter Norsk Padleforbund (NPF) sin standard. NPF Aktivitetsleiarer kan lede turer i inntil 3-stjernes forhold i henhold til stjernesystemet (blå fargekode i henhold til NPF sin gradering av padleruter). Se også vedlegg 1.

Annonsert skildring av turen, risikoanalyse og sjekklista skal ligge til grunn for turen/aktiviteten. Turleiar kan vise bort deltakarar som ikkje møter krava.

Unntak: Nærturar i to-stjerners farvatn og forhold kan leiast av frivillige/turleiarar som har bestått NPF sitt grunnkurs, pluss nærturleiarkurs i padling gjennom BHT, eller NPF teknikkurs

NÆRTUR

To stjerners farvatn og forhold er:

- Inntil 0,5 meter bølger i snitt
- Maks om lag 3 meter i sekundet vind
- Indre skjergard
- Svært lite straum
- Lite båttrafikk

Det er viktig at padleturleiar held seg innan desse avgrensingane

Retningslinjer for nærturar havpadling:

- Korte turar med varigheit på 3-4 timer
- Ingen lengre kryssingar (eks. lengre krysning Askøy–Bergen)
- Ingen padling i mørket
- Ingen overnatting, med mindre nærturleiar i padling og har bestått DNT sitt grunnleggande turleiarkurs
- Turleiar til deltakar ratio er 1:6 eller 2:12.
- Må følge risikoanalyse for havpadling BHT

Krav til deltakar på nærturar:

- Deltakar må følge dei krav som er skildra for turen.
- Deltakar må ha grunnkurs hav for å delta.
- Deltakar må stille med utstyr og kle som krevjast for turen.
- Kle i høve til vasstemperatur - våtdrakt/tørrdrakt
- Turleiar kan vise bort deltakarar som ikkje møter krav.

Døme på farvatn/område som kan egne seg for nærtur ved 2 stjerners forhold

Flatøyosen/ Håøyna

Skjoldabukta

Hjellestad innaskjers

Inst i Lysefjorden (ved Lysøen)

Ved Hagavik-Skeisosen

Inne i Eidsvågen

Risikoanalyse, padleturer, Bergen og Hordaland Turlag

Konsekvens		Fysisk skade , drukning, nedkjøling, sjukdom		
Årsaks-faktorer		Personar	Utstyr	Miljø
Dårleg gruppekontroll/ därleg leiing Utilstrekkeleg trening Utilstrekkeleg kunnskap Sjukdom		Feil/mangelfulle klede Feil/mangelfullt utstyr Tap av/skade på utstyr Utilstrekkeleg kunnskap om utstyr		Vér (vind, bylgjer, tåke) Spesielle forhold (straum ma.) Båttrafikk Luft- og vasstemperatur
Forhåndsregler	Normale tiltak	<p>Turleiar: Minimum ein hovudansvarleg turleiar med kompetanse til å leie turens nivå og ivareta sikkerheita.*</p> <p>God gruppekontroll, vurdering av særskilde risikoelement, sikkerhetsinfo til alle</p> <p>Deltakar: Orientering om evt medisinsk tilstand</p>	<p>Turleiar: Fyrstehjelpssett og enkelt rep.sett Telefon i vasstett pose Taueline Varm drikke og mat/sjokolade Ekstra åre</p> <p>Deltakar: Kle etter vasstemperatur Redningsvest Tørt reservetøy Korrekt utstyrt kajakk Mat og drikke</p>	<p>Gruppe: Kvalifisert turleiar God gruppekontroll Vurdering av særskilte risikoelement Sikkerhetsinformasjon til alle i gruppa Vurdering av vårmelding Kart og kompass, evt. GPS, lokalkjennskap Evakueringstrute Kommunikasjonsutstyr (mobiltelefon/vhf) Korrekt utstyrt gruppe</p>
	Naudssituasjon	<p>Kvalifisert og kompetent turleiar. Utstyr for redning og medisinsk kontakt.</p> <p>Prosedyre for naudssituasjon: Politi 112 Medisinsk 113 Brann 110 Hovudredningssentralen: 51 51 70 00 Redningsselskapet: 120</p> <p>Kontakt alltid leiari for aktivitetsavdelinga eller andre i BHT-administrasjonen ved ulykker eller nesten-ulukker. Vis evt. journalistar til politiet eller dagleg leiari.</p>		
Kompetanse		<p>Turleiar*: aktivitetsleiarkurs/vidaregåandekurs/veiledarkurs i samsvar med nivå på turen. For nærtur; nærturleiarkurs eller teknikkurs (minimum)</p> <p>Anbefalt tilleggs-kompetanse: Oppdatert førstehjelpskurs, livreddingskurs</p> <p>Deltakar: kompetanse i samsvar med nivå på turen/ etter avtale med turleiar. Anbefalt minimum; grunnkurs. For nærtur; krav om grunnkurs.</p>		
Siste vurdering		Turleiar skal holde gruppa samla, og syte for god kommunikasjon til alle. Ver merksam på om deltakarane meistrar nivået og forhalda på turen og iverkset tiltak for å trygge enkeltpadlarar/gruppa om naudsnynt.		

*Alle turar skal ha minimum ein hovudansvarleg turleiar med kompetanse og erfaring til å leie turens nivå. Turens nivå bør vurderast etter farvatn og forhold i høve til stjernesystemet, samt turens lengde og særskilde risikofaktorar. Øvrige turleiarar kan ha lågare kompetanse. Tal turleiarar må vurderast etter tal deltarar og turleiarens kapasitet.

Sjekkliste før gjennomføring av padling i regi av BHT

Før sjøsetting skal ansvarleg turleiar gjere følgjande:

1. Tel opp tal deltarar og kontroller om det stemmer med tal personar påmeldt. Registrer oppdatert deltararliste. Er gruppa over 10 personar bør ansvarleg turleiar vurdere å dele inn i mindre grupper.*
2. Kontroll av utstyr og kle. Sjekk at alle deltarane er riktig utstyrt og at utstyr er tilpassa personen. Bruk alltid redningsvest! Benytt gjerne kameratsjekk. Kle etter vasstemperatur – våtdrakt/tørrdrakt med ull under. Haust og vinter (mørke): Sjekk at alle har minimum ei lykt på kroppen (vasstett eller i pose). **
3. Kort gjennomgang av værmelding, vurdering av forhold og padlerute/mål med alle deltarane før sjøsetting. Vurder alltid særskilde risikoelement for kvar tur. Rute og vanskelegheitsgrad skal vere tilpassa aktuell tur ***
4. Turleiar/kurshaldar skal ha kommunikasjonsmiddel tilgjengeleg for bruk på turen (mobil/vhf)
5. Turleiar/kurshaldar skal oppfordre deltarane til å melde i frå om dagsform/medisinsk tilstand som er relevant.

* Deltakaravgrensing for nærturleier er 1:6 eller 2:12

** Mørkepadling er ikkje aktuelt med nærturleiar

*** Vanskelegheitsgrad på turen og krav til deltarar bør vere annonser i turskildringa.

Det visast ellers til **Risikoanalyse for turpadling - BHT**. Denne skal være kjent for turleiar.

VEDLEGG 1

GRADERING KAJAKKPADLING

Fargekode ¹ Int. stjernesystem ²	Anbefalt ferdighetsnivå Passer for padlere med kompetanse som tilsvarer gjennomført kurs ³	Farvann – beskrivelse	Startpunkt	Navigering	Dagsetappe – lengde	Avstand til nærmeste landing	Kryssing av åpent farvann – avstand	Strøm	Vind og bølgehøyde
	Grunnkurs hav Grunnleggende krav til å kunne tolke vær, vind, strøm og annen båttrafikk	Indre skjærgård. Ingen åpne, eksponerte strekninger. Eks.: Maks 3 km åpent vann i en retning og kun små, ubetydelige åpninger ut mot åpent hav. Liten trafikk.	Enkelt, naturlig eller tilrettelagt, skjermet	Enkel	Maks 10 km – 6 nm ⁴	Maks 0,5 km	Ingen kryssing av åpent farvann	Ryddige strømforhold. Normalt ikke over 3 knop	Flau til svak vind 0,3–3,3 m/s, sterke vind i perioder 0,1–0,5 m
	Teknikkurs og aktivitetslederkurs Behersker elementær tolking av vær og vind, strømforhold og annen båttrafikk	Farvann nært land med små øyer og skjær utenfor, indre fjordområder. Opp til 10 km åpent vann og eksponering mot storhavet på korte strekk, inntil 0,5 km. Annen trafikk må påregnes.	Naturlig eller tilrettelagt	Oversiktlig, enkelte krevende partier	Maks 20 km – 12 nm	Maks 1,0 km	Maks 1,5 km	Ryddige strømforhold. Normalt ikke over 5 knop	Lett til laber bris 3,4–7,9 m/s, sterke vind i perioder 0,5–1,25 m
	Videregående kurs og veilederkurs Behersker gode ferdigheter i tolking av vær, vind, strømforhold og annen båttrafikk	Farvann nær land uten øyer og skjær utenfor, fjordmundninger og åpne fjordstrek. Det forekommer åpent farvann over 15 km i en eller flere retninger. Eksponering fra storhavet underveis. Annen trafikk må påregnes.	Ingen spesielle krav	Navigering kan være krevende	Ingen maks lengde	Maks 5 km	Maks 5 km	Uryddige strømforhold. Kortere parti kan ha strøm over 5 knop	Frisk bris 8,9–10,7 m/s, sterke vind i perioder 1,25–2,5 m
	Veilederkurs Svært rutinert Behersker meget gode ferdigheter i tolking av vær, vind, strømforhold og annen båttrafikk	Storhavet. Rom sjø eller utsatte farvann langs land. Muligheter til landing svært begrenset. Annen trafikk må påregnes.	Ingen spesielle krav	Navigering kan være svært krevende	Ingen maks lengde	Mulighet til landing svært begrenset	Lange kryssinger i rom sjø eller i utsatt farvann langs land	Partier med med sterk og uryddig strøm	Liten kuling 10,8–13,8 m/s, sterke vind i perioder 2,5–4,0 m

1. Merkehåndboka

2. Internasjonal stjernesystem HMS, Teknisk Komité Hav Side 16, <https://knowitsoft.blob.core.windows.net/padleforbundet/1001/2011-04-05-kurshefte-risiko-hav.pdf>

• Svart skjermel farvann

++ Skjermel farvann

*** Nøe eksponert farvann

**** Eksponert farvann

***** Svært eksponert farvann

3. Padleforbundets kursstige, <http://www.paddling.no/kurs-og-utdanning/>

4. Nautiske mil

*Alle turar skal ha minimum ein hovudansvarleg turleiar med kompetanse og erfaring til å leie turens nivå. Turens nivå bør vurderast etter farvatn og forhold i høve til stjernesystemet, samt turens lengde og særskilde risikofaktorar. Øvrige turleiarar kan ha lågare kompetanse. Tal turleiarar må vurderast etter tal deltagarar og turleiarens kapasitet.